

NTF si tariffkonferanse 2023

9.-10. mars var det duka for årets tariffkonferanse på Gardermoen. Tradisjonelt sett har denne konferansa hovudvekt på det komande tariffoppjeret. I år derimot, vart det brukt mykje tid på det store spørsmålet: «Framtidas tannhelseteneste – korleis skal/kan den sjå ut?»

✍ BIRGIT HJORTH KOLLEVOLD (NESTLEDER) OG CHRISTIANE HOWLID DALE (STYREMEDLEM), PÅ VEGNE AV SF

På tariffkonferansa møtast tillitsvalde frå offentleg sektor – det vere seg representantar frå den offentlege tannhelsetenesta i kvart fylke, forsvaret, kompetansesentra, universiteta og helse. I år samlast om lag 30 av desse, i tillegg til representantar frå sekretariatet, valgkomiteen, president og SF (Sentralt forhandlingsutvalg).

Bakteppet for årets lønsoppgjjer

Sett i lys av «dyrtida» som vi er inne i, er det knytt stor spenning til det komande lønsoppgjjeret. Når ein oppsummerer prisvekst og lønsoppgjgera for 2022, ser ein at kjøpekrafta er gått kraftig ned i og når ein les at konsumprisindeksen (KPI) pr. januar 2023 er på heile 7,0 %, så merkar nok langt dei fleste at lommeboka er blitt slunknare. Tradisjonelt har ein i Noreg følgd den såkalla Frontfagsmodellen, der konkurranseutsett industri legg føringar for lønnsdanninga i landet. Når ein summerer opp fjoråret, så viser det seg at offentleg sektor er meir lojal mot denne, enn frontfaget sjølv. For i industrien viste det seg at funksjonærane i industrien, fekk eit langt betre resultat enn industriarbeidaren.

I oppstarten av konferansa, fekk dei tillitsvalde landet rundt, god tid til å presentere seg og sine utfordringar i eige fylke/verksemd. Ein gjengangar var utfordringar knytt til rekruttering og stabilisering. I fleire av fylka jobbast det aktivt med dette mellom anna ved å sjå på klinikkstruktur og omorganiseringar. Fleire fylker er også i «skilsmisseprosess» – etter å ha brukt

fleire år på samanslåing. Eit stort spørsmål som gjekk igjen, er på kva nivå tannhelsetenesta skal plasserast i dei nye organisasjonskarta til fylka?

Frå universiteta rapporterast det om kraftige kutt og svært mange ulike oppgåver på få tilsette. Rapportane derifrå var bekymringsverdige og dette må bli tatt på alvor og løftast opp. Knapt med ressursar til stipendiatar og til forskning.

På veg mot framtidens tannhelseteneste

Det var sett av ein del tid til gruppearbeid med dei store spørsmåla:

- 1) Auka offentleg finansiering – korleis, kva tenester og til kven?
- 2) Organisering – kven skal levere tenestene? Kva er utfordringane? Kva er fordelane?

Som ei innleiing til gruppearbeidet, gav Christian P. Fjellstad, frå sekretariatet, deltakarane ein kort intro til det politiske landskapet med gjennomgang av dei ulike nivå i staten. Kva er helse- og omsorgsdepartementet sine overordna oppgåver? Kva er helsedirektoratet si oppgåve? Camilla H. Steinum snakka om NTF sitt arbeid opp mot tannhelsete-seutvalget og om status i tannhelsetenesta pr. i dag. Policydokumenta til NTF er førande for jobben opp mot departementa. Det er viktig med samhandling mellom dei ulike forvaltningsnivå. Gruppene vart oppmoda om å løfte blikket og rive seg laus frå slik vi er organisert i dag. Kva er det beste om ein skulle ha starta med blanke ark?



Farshad Alamdari, leder Sentralt forhandlingsutvalg. Foto: Kristin Aksnes.



Gruppearbeid. Foto: Tonje Camacho.

Utfordringa til samtlege grupper, var nok å prøve å tenkje nytt. Det er vanskeleg å lausrive seg frå erfaringa – både positivt og negativt – om korleis vi har og er organisert i dag. Eit felles synspunkt, var at ein må ta med seg det som ein opplever fungerer godt, inn i eit nytt system, ei ny organisering. Pr. i dag har kanskje ikkje tannhelsetenesta funne sin rette plass. Verken i primærhelsetenesta eller i spesialisthelsetenesta – kvar ønskjer vi å vere?

Engasjementet i gruppene var stort og ein kunne nok ha heldt på i fleire dagar om ein hadde tid til det. Dette er ein oppstart på ein prosess som kjem til å ta tid, men det er viktig at medlemmane – både tillitvalgte og ordinære medlemmer, engasjerer seg i denne prosessen. NTF sentralt har behov for alle innspel for å vere klare med argumenta når politikarane skal ta sine avgjerdsler.

President Heming Olsen-Bergem kom mot slutten med informasjon frå Houvdstyret. Det jobbast sjølvstøtt mykje med arbeidet opp mot tannhelseutvalget, og det at vi manglar endel tannhelsesdata på kva ein eigenteleg driv med tann-

helsetenesta (både offentleg og privat), er utfordrande. Her trengs det meir kunnskap.

Presidenten understreka også at NTF ikkje berre er ei fagforeining, men også ei profesjonsforeining. Vi er opptekne av tannlegane, faget og pasientane.

«Gjør kloke valg» kampanjen kjenner medlemmane godt til – kloke valg i pasientbehandling, men det er også viktig med kloke valg i forhold til framtidens tannhelseteneste. Kva kloke valg må vi ta i denne prosessen for å sikre alle innbyggjarane i landet tilgang på gode, fungerande tannhelsetenester som støtter opp om NTF sin visjon: «dyktige og tilfredse medlemmer med fornøyde pasienter i en befolkning med god oral helse»?

Oppsummering

SF leiar Farshad Alamdari avslutta det heile med å takke dei tillitsvalgte så langt for innsatsen. Ein er i startgropa rundt temaet «framtidens tannhelseteneste», og temaet kjem til å bli drøfta fleire gonger når dei tillitsvalde møtast.